



# SAFFA-info

Utgitt av Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus.

## SAFFA-kurs på Sørmarka

lørdag og søndag 9. og 10. januar 2010

(Program pr. 20. oktober. Det kan bli mindre endringar i programmet seinare)

Det årlege SAFFA-kurset er etablert som ein aktiv verkstad for danse- og musikkmiljøet i den store "Vika-regionen". Den tradisjonen blir ført vidare ved hjelp av dei beste instruktørkrefter på området.

### RYTMEFORSTÅELSE

Begge dagane tek til med ei generell rytmeøkt for både dansarar og musakarar. **Tor Stallvik** fortel om sitt opplegg på januarkurset:

"For å kunne danse, treng vi instrumentalmusikk, eller vi kan bruke vår eiga stemme i song. Kva skjer når vi lar pulsen i rytmen danne kroppslege rørsler? Korleis tolkar vi rytmen og lagar dansemønster? Kva krav bør dansaren setje til musikken han skal danse etter? Korleis oppnår musikaren kontakt med dansegolvet? Kva er god dansetakt? Korleis blir dansaren inspirert av musikken? Kvifor er den levande spelmannen viktigare enn ein CD? Er det skilnad på konsertspel og dansespel? Vi dansar og drøftar i vekslevis samspel mellom spelmenn og dansarar."

Tor Stallvik er ein av våre mest erfarne og solide fagfolk innan folkedans. Han har hatt stor suksess med å gi eit større perspektiv på dette med rytmeforståelse under SAFFA-kurset tidlegare. Dette blir vidareutvikla under komande kurs.

### VÅGÅSPRINGLEIK. (Minikurs lørdag)

Vågåspringleik har vore hovedtema for dansekursa dei siste to åra. For dei som vil ha ei kort oppfrisking av steg og rytme, vil det bli sett av ei eiga økt. Det er - som sist - **Tor Stallvik** som instruerer og **Tonje** som spelar til.

### HALLING/LAUS (lørdag og søndag)

I år har me vore heldige å få **Torkjell Børsheim** som instruktør. Han var med i FRIKAR-gruppa som deltok saman med Alexander Rybak i Moskva i vår. Det har i det siste vore ei gledeleg rekruttering av unge lausdansarar som eit resultat av "Rybak-effekten". SAFFA vender seg spesielt til denne aldersgruppa med årets kurs, men det er sjølvsagt også rom for meir vaksne deltakarar.

### VALDRESSPRINGAR (Lørdag og søndag)

**Brit Totland og Dag Hamre** er instruktør på kurset i Valdresspringar. **Tore Bolstad** er spellemann. Kurset går over begge dagane.

### TURDANS/KVADRILJER (Lørdag)

"Turdans til hverdag og fest"

**Marita Ramstad** er kursleiar:

*"Vi kommer inn på ulike former for turdans, det være seg pardans, tredans, dans i stor ring og i små ringer, dans på rekker og oppstilling i store og små kvadriljer."*

### "KOMP."-KURS (Lørdag og søndag)

Som sist har **Terje Bekkedal** sagt seg villig til å ta seg av dette på Sørmarka i januar. Terje er ein av dei mest rutinerte og allsidige utøvarane av runddansmusikk i austlandsområdet: *"Det er et stort forbedringspotensiale for komp innen gammeldansmusikken. Kursopplegget har tilbud til alle som arbeider med rytmeinstrumenter (Kontrabass, el-bass, gitar, vaskebrett m.m.). Tema vil være rytmikk, harmonilære, gitar-akkorder, kontrabass-spill, el-bass spill, bassganger, besifring, alternative akkorder, strykebass"*. Terje har utarbeidd eit eige kompendium som elevane får med seg heim.

## **HARDINGFELE** (Begge dagar)

**Annbjörg Lien** er instruktør på årets kurs.

Annbjörg skriv:

*“Innholdsmessig kan det jo syes til deltagernes ønsker, men vanligvis ser jeg litt elevene ann, på nivå, personlighet og mental tenkning i forhold til musikk og det å musisere. Konsertformidlingstanker og bredde på uttrykk. Noen ganger tradisjonelle slåtter og utenlandske for å vise likheter. Teknikk og egenfokus...”*

Me trur vidare det vil vera interessant for 1-3 elevar om gongen å “hospitera” i korte økter med Tore Bolstad - spelemannen på kurset i Valdres-springar.

## **TORADER** (Begge dagar)

**Ingunn Bjørgo frå Askerladden** er instruktør.

Ingunn seier: *“Jeg pleier å lære bort et par-tre låter og kjøre en del på samspill og arrangering med henblikk på dansespilling. Noe gjøres i plenum og noe i mindre grupper slik at det blir variasjon gjennom dagene. Du må ha litt bakgrunn på instrumentet for å delta. Det blir sendt ut lydfiler og noter til de påmeldte før kurset. Jeg kjører som regel G/C-spill i mine lag, har inntrykk av at de fleste har det nå. Det blir hovedvekt på de vanlige runddansrytmene.”*

## **TREKKSPEL- OG FELEKURS** i samarbeid (Begge dagar)

**Stein Magne Eggen** har tatt på seg å leia trekkspelkurset, og **Tonje Lien Barkenæs** har ansvaret for felekurset. Dei seier: *“Det vil bli valgt slåtter som er spesielt egnet for kursene med tanke på god takt og godt dansespill. Vi tenker å spille inn et par melodier og sende til deltagerne sammen med noter på disse melodiene. Dette kan vere et utgangspunkt, med to låter vi begge lærer bort, og som kan spilles i fellesskap på kvelden. I tillegg til dette kan vi lære bort noe som er HELT nytt der og da, altså noe som ikke har blitt sendt på noter/lyd før kurset.”*

Det vil også bli ei økt med vågåspringleik - etter som dette er ein dans som ser ut til å bli meir og meir brukt i miljøet.

## **FJÄLLNÄSPOLSKA** (søndag)

Instruktører er **Else og Idar N. Thorstensen**, og musikk ved Erik Jødahl. Else og Idar skriv: *“Fjällnäspolska er en svensk rekkedans, og er fra slutten av 1800 tallet. Musikken er en nydelig "dalpolska".*

Det kreves ikke et bestemt antall dansere, men det bør være likt antall par på begge rekker

Dansen er relativt krevende, med mange forskjellige typer trinn og turer”.

## **SPRINGDANS FRÅ ØSTFOLD**

(Kortkurs lørdag)

**Tone Eidsvold** er instruktør. Tone har eksamen i tradisjonskunnskap folkedans ved NTNU i 1991 med Springdansen frå Østfold som hoveddans. Har vore engasjert i filmdokumentasjon av springdansen i Østfold 2007 og bearbeiding av materiale 2009, begge prosjekt med støtte frå Rådet for folkemusikk og folkedans. Tone fortel at denne springdansen har vore dansa både i jamn tretakt og med “kort trear”. I følgje Egil Bakka, kan det vera grunn til å tru at dette er omtrent det same som har vore dansa i Follo.

## **HAMBORGAR** (Kortkurs lørdag)

**Tone Eidsvold** tar seg også av dette innslaget. Tone skriv om si kjelde: *“Folkemusikknestoren fra Kroer, Arne Nordskaug drev som omreisende spellemann, først sammen med faren, fra han var 14 år, og han spilte kanskje mer i Østfold enn i Follo. Veldig artig var det da han og kona danset for oss til polkamusikk. Det var ren hamborgarrytme”.*

## **INSPIRASJON & KREATIVITET**

(Begge dagar)

Ansvarlig er **Marianne Dahl**, som skriv:

*“Kurset vil ta for seg hvordan man kan jobbe med folkedansen på litt nye måter, både når det gjelder å lære bort, i sin egen dans eller når man jobber med dans for et publikum. Vi tar utgangspunkt i rytmer, kjente og kanskje litt mindre kjente danser for å se hvordan man kan bruke disse for å lage nye og spennende uttrykk. Kurset passer for alle som har lyst til å tenke litt nytt omkring folkedansen.”* Marianne har bl. a. bakkgrunn frå gruppa Fant og Fente.

---

Lørdag kveld blir det mykje dans. Musikkelevane får prøva seg på å spela til dans - aleine eller i større eller mindre grupper og i forskjellige rytmar. Me ser dermed på kvelden som ein del av kurset - men sjølvsgat ledigare i forma. **VELKOMMEN TIL GODT MILJØ OG FAGLEG PÅFYLL!**

SAFFA samarbeider med:



**NB! BINDANDE PÅMELDING INNAN 10. DESEMBER 2009 NB!**

Send helst ein påmeldingsblankett pr. person eller par. Påmeldinga blir bekrefte frå SAFFA .



Navn:.....Alder:.....

Adresse:.....E-post: .....

Tlf. privat:..... Mobiltelefon:.....

**Kursønske: Sett kryss:**

- |                    |     |                               |     |
|--------------------|-----|-------------------------------|-----|
| 1. Turdans         | ( ) | 7. Hardingfele                | ( ) |
| 2. Valdresspringar | ( ) | 8. "Komp"/rytmeinstrument     | ( ) |
| 3. Halling/Laus    | ( ) | 9. Fjällnäspolska             | ( ) |
| 4. Torader         | ( ) | 10. Springdans frå Østfold    | ( ) |
| 5. Trekkspel       | ( ) | 11. Hamborgar                 | ( ) |
| 6. Fele            | ( ) | 12. Inspirasjon & kreativitet | ( ) |

Kursavgifta skal betalast samtidig med påmeldinga og seinast 10. desember til: SAFFA ved kasserer Vidar Wien-Andresen vidarwa@getmail.no , eller telefon 9260 0599. Bankkontonr.: 0530.35.85577

**NB! Skriv tydeleg navn på innbetalinga NB!**

Kurspris pr. person med overnatting i enkeltrom ----- kr. 1 580,-  
Kurspris pr. person med overnatting i dobbeltrom ----- kr. 1 380,-  
Kurspris pr. person utan overnatting, men med lunsj og middag ----- kr. 980,-  
Kurspris pr. person bare for lørdagen, med lunsj og middag ----- kr. 780,-

Registrering på Sørmarka lørdag 9. januar frå kl 08.00. Kursstart kl 09.00.

**HAR DU SPØRSMÅL OM KURSET? RING NILS SELAND TEL. 9066 6867 ELLER E-POST: [post@saffa.no](mailto:post@saffa.no)**